



Inga Merete Hjelmeland
Håkonshellaveien 137 F
5174 MATHOPEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/219 - 17/5361

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
24.02.2017

Førebels svar - trong for tilleggsopplysningar - gbnr 121/10 Knarvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utsleppsløyve den 02.01.2017. Beklagar at du ikkje har fått svar tidlegare.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta kap.12.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon, og viser til punkt i søknaden:

4. Reinsegrad - Utsleppsstad

Her har du kryssa av på «stedegne løsmasser». Skal du sleppa ut inne på eiga tomt, må du dokumentera at massane på staden vil ta opp avløpsvatnet. Gjer dei ikkje det, vil vatnet renna på overflata inn på naboeigedommen.

Du har tre alternativ:

- 1) Tett leidning frå sandfilteranlegget til bekk med heilårs vassføring
- 2) Tett leidning til sjø på djupt vatn. Då kan du sløyfa slamavskiljaren
- 3) Tett leidning frå slamavskiljar til eksisterande felles utsleppsleidning. Då kan du også installera WC. I staden for å sprenga grøft, kan du vurdere å føra leidningen gjennom borehol i fjell.

Vår tilråding er å velja alternativ 3).

6. Obligatoriske vedlegg

F. Oversikt over interessr som blir berørt: Borehol, brønner? Er det bading i vika nedanfor?

G. Dokumentasjon på nabovarsling: Varsling av naboar nedstraums frå utsleppet til sjøen, på begge sider av vika der bekken har utløp.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 28.04.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alternativ ved mottakskontroll

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfrist etter forureiningsforskrifta kapittel 12 er 6 veker frå komplett søknad er motteken.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inga Merete Hjelmeland	Håkonshellaveien 5174	MATHOPEN
	137 F	
Trond Hjelmeland	Stasjonsvegen 21 5221	NESTTUN
	D	